



\* Før barna kunne byrje å lage papir, måtte cellulose og kaolin blandast godt med vatn. Alle hjelpte til å telje til 15, slik at all papirmassen vart blanda like lenge.



\* Papirmassen vart henta opp frå baljen i desse trerammene, og papirark i ulike storleikar vart lagt til tørk på borda. Alle barna fekk lage sine egne ark, noko som var populært.

# Laga papir og reid på hest

**Mange barn og unge hadde møtt fram på Volda Bygdetun tysdag ettermiddag. Der var det duka for fleire spennande aktivitetar.**

Sidan det ikkje er alle barn og unge som har høve til å reise vekk på ferie om sommaren, ynskte Team Five og Frivilligsentralen å lage eit tilbod til desse i heimbygda. Mange lag og organisasjonar har trykt initiativet til sitt bryst, og tysdag var det duka for aktivitetssdag på bygdetunet.

## Laga papir av cellulose

Cecilie Rørstad og hennar mange gode hjelparar tok imot barna med foreldre, og sette dei raskt i sving med den fyrste aktiviteten. Barna fekk blande cellulose med kaolin og vatn, for å lage papir. Då blandinga var jamn og fin var det tid for å leite fram rammene som papiret skulle trykkjast i. Barna deltok i aktiviteten med stor iver, og mange våte papirark vart lagt utover til tørking på kort tid.

– Ein liter papirmasse skal halde til kring 30 ark, forklarte Rørstad, men understreka at arka trengde tid på å tørke.

– Dei vert kanskje ikkje ferdige i dag, slo ho fast.

## Lang kø hos hestane

Riding på hest var ein annan populær aktivitet i tunet. Volda rideklubb stilte opp med dei to fjordingane Odin og Botnar, og



det danna seg raskt lange køar bak oppstigingskrakkane. Edle Holmin og Randi Mork leidde alle barna trygt omkring, til stor glede for dei framkomne. Litt seinare på dag fekk barna ta del i ei oppdagsferd i skogen kring bygdetunet.

– Vi vart utfordra av Frivilligsentralen til å finne på noko kjekt for barna, og det ville vi sjølvsagt vere med på. Vi ynskjer at folk

skal bruke bygdetunet i kvardagen, og såg på dette som eit godt høve til å vise fram tilbodet vi har her, forklarte Cecilie Rørstad. Arrangementet var ope for alle som hadde lyst, og oppmøtet var bra. I august vert det eit liknande arrangement på bygdetunet, så dei som ikkje fekk høve til å ta del denne gangen har sjansen då.

LIV JORUNN NYHAGEN

\* Det var lang kø for å prøve å ri på hest. Botnar venta tolmotig medan barna steig av og på.



\* Dei to fjordhestane passa godt inn i miljøet på bygdetunet.

## M/S Fjord-Kongen

Vi ligg ved Vikeneskaia i Volda

**Motebutikk og uterestaurant ope 12<sup>00</sup> - 18<sup>00</sup>**

Laurdag:  
**Fjordcruise**  
til Austefjord  
kl. 18-21, inkl. reker.  
**kr. 350,-**  
Påmelding tlf. 994 05 051

Facebook:  
M/S Fjord-kongen

**Kl. 21<sup>00</sup> - 02<sup>00</sup>**  
**Pub og uterestaurant med trubadur**  
Skjenkebevilgning kl. 1 og 2.

**Motebutikk, alle kle**  
**-50%**